

## Innlegg rovviltmøte på Rudi 6/10-2011

God kveld og takk for invitasjon og initiativet til dette møtet!

Vi har dessverre i år òg fått oppleva korleis freda rovvilt herjar i beiteområda våre. Bjørn har som vanleg peikt ut Ola Borgemoen i Gausdal som offer, og på eit tidspunkt i sommar hadde han åleine større tap til bjørn enn heile Hedmark fylke. Eg sjølv fekk oppleva bjørn for fyste gong og alt 2. dagen på utmarksbeite, der søyer låg att på rekkje og rad etter at brystfeittet eller noko av juret var fortært. Heile flokken og andre flokkar i beiteområde vart forstyrra og Børkdalsfjellet beitelag, som eg har brukt som eksempel på beitelag utan rovvilt med liten tapsprosent, saknar i år mange søyer og eit urovekkande stort tal lam. Så kom jerven inn for fullt og Øystre Slidre, Lesja og N-Fron er gode eksempel på tragiske hendingar i haust med fleire hundre kadaver.

For rovviltnemnda, FM og andre dele tå Oppland har beitesommaren 2011 gått bra i forhold til rovvilt. Tek vi regionen oss er i nå, så har nok mange i Fåberg, Øyer og Fåvang hatt ein heilt bra beitesommar i forhold til den fortvila situasjonen i fjor, da vi ser bort frå regnet. Vi hugsar Kristian Dahl frå Fåberg som hadde 41 % søyetap i fjor åt bjørn – i år hadde han 0 %. Frå Vågå, Sel og Fåvang har eg høyrd frå enkeltbesetningar med 0 % tap både når det gjeld søyer og lam. Slike meldingar tek eg gladeleg i mot og brukar dei som argumentasjon for den gode helsa sauene vår har – utan rovvilt i beiteområda ville det ha vore ein fryd!

Men dei folkevalde har bestemt noko anna og i motsetning til fleire såkalla verneorganisasjonar har beitenæringa i Oppland respekt for stortingsvedtak og arbeidar ut frå premissane politkarane har sett. Derfor gjekk oss ikkje beitesommaren ljost i møte. Vi visste at bjørnen var her og at nye kunne komma, oss visste at forvaltninga meinte oss ha lite jerv og at oss ha teke ut fåe dyr i seinare tid. Vi visste at SNO/Statens ikkje hadde gjort jobben med å ta ut 2 yngle-hi og vi trudde og veit nå at vi hadde fleire ynglingar tå jerv i Oppland enn andre ville ha det til.

Så var vi sjølv sagt spente på korleis det etter kvart kjente rovviltforliket vart utforma og kor snart dette eventuelt kunn bli teke i bruk. Vi er etter kvart vorte lei av fagre ord, og er og lei av fagre gode utformingar i politiske vedtak, som

t.d. regjeringsplattformer. Det er i det praktiske liv vi vil sjå resultat. Da må følgjande skje: Departement og DN må handle etter kva stortingsvedtaket eigentleg går ut på. Da må dei ikkje laga forskrifter som berre tek rovviltet i forsvar og heilt gløymer den 2-delte målsetjinga der beitedyra og dermed beitenæringa både har like stor rett og faktisk prioritert rett i fleire høver. For Oppland sin del er bjørn eit godt eksempel. Oppland er pr. definisjon eit samla prioritert beiteområde i forhold til bjørn, og i forhold til kva det nye rovviltforliket seier om hannbjørnar skal Oppland i framtida ha rett til og ikkje minst hjelp til å ta ut alle hannbjørnar som er innom i fylket. I dagar og år har vi kjempa for å få ta ut bjørn på vårsnø, men DN har praktisert som om Oppland har hatt bestandsmål av bjørn og nekta. Nå er dette klargjort i rovviltforliket, bjørnekvota som ikkje vert felt i lisensjakta skal Staten ta ut i etterkant og i tilfelle òg på sporsnø. Det er uhørt og kunnskapslaust av Heidi Sørensen å kjefta på rovviltnemnda i Oppland for å vedta for høg lisenskvote på bjørn i Oppland når oss ikkje skal ha bjørn her. Eg minnar òg DN på at vi mest sikkert enda har vår streifande bjørn ST-3 i fylket vårt på 6. året. I same samanheng vil eg òg minna DN på den håplause situasjonen som oppstår når verneorganisasjonar med ei klage kan forseinka lisensfellingsjakta på bjørn eller ulv.

Bjørnejakt er som kjent vanskeleg og i dei fleste tilfelle avhengig av ein hund som det ikkje finns mange av i landet. Når nå Staten i følgje rovviltforliket har teke på seg ansvaret for felling av bjørn lurar eg sterkt på korleis dei skal gjera det i det praktiske liv. Dette vert vanskeleg og eg påstår at bjørnestamma i Norge er ute av kontroll. Det vert svært vanskeleg eller umogleg å halda prioriterte beiteområde frie for dette dyret.

Når det gjeld jerv i Oppland, så har vi samla sett både næring og lokal forvaltning prøvd å skapa ein situasjon der tal ynglingar vert halde på eller så nær bestandsmålet som råd er. Dette er heilt i tråd med det nye rovviltforliket, og heilt motsett av kva fleire andre regionar i Noreg har opplevd. Vi hugsar òg situasjonen frå i fjor der vi fekk skadefellingsløyve på jerv i Fåvang, men ikkje fekk ta skadegjerar, noko som var nytt. Resultatet vart at skadefellingslaget ikkje jakta av frykt for å ta skadegjerar. I vinter fekk vi løyve til å ta ut 2 ynglingar av jerv, men SNO fortalte i eit møte i rovviltnemnda at desse uttaka ikkje vart effektuert grunna dårleg ver. Resultatet av dette vart tragisk for mange i Valdres, Gudbrandsdalen og Ottadalen. Særleg er det tragisk med 2.års

ynglinga i Langsua, som etter alles meining ikkje skal ha yngling av jerv korkje nå eller framover. Næringa meiner at når ei yngling er dødsdømt må dette fullbyrdast da forholdet ligg til stede.

Resultatet av yngleleitinga i vinter er minst like tragisk på Lesja og i Nord-Fron der yngling av jerv har teke store hopar av lam. At SNO/DN/NINA eller kven som sit på makta enda ikkje har teke innover seg desse ynglingane er for meg ei gåte. Eg lurar på kvar SNO har vore og kor lite eller mykje ressursar som er brukt for å fanga opp dei udokumenterte registreringane frå i vinter. Frå den praktiske verda må eg seia at det er altfor strenge krav for å få dokumentert ei jervyngling. Når ikkje eingong SNO har kunna undersøkt alle hi-lokalitetane i Oppland i vinter, da må DN/NINA setja i verk tiltak for at bestandsregistreringa vert meir truverdig. Eg etterlyser òg eit meir naturleg geografisk fastsetting av ynglingane, som vi har på familiegrupper av gaupe, der ynglelokalitetar i grenseområda vert delt i ½. Dette ville ha vore svært naturleg med dømet frå Dovre/Folldalen i år, der 2 kvalpar vart ihelkjørte. Når så Oppland har "berre" 2 dokumenterte ynglingar av jerv i år vert dermed rovviltnemnda i Oppland truga på eit dei missar forvaltningsretten over jerv, les: DN bestemmer mindre eller ingen kvote. Dette gjer òg at vi må ha fleire jervar enn det vi skal ha for å oppnå dette att i framtida.

Eg er klar over at DN og SNO vil seia at dei følgjer spillereglane i alle ting dei føretek seg. Men det er nå slik at vi på grasrota også ser ting, sjølv om dette vert registrert som "udokumenterte synsobservasjon". Vi kan og lesa og somme av oss skriv òg brev. Vi har, rovviltnemnda har og FM har i fleire tilfeller etterlyst svar på brev, svar på søknader og svar på anker. Vi har lurt på postgangen, vi har stilt spørsmål til sivilombodsmannen og etterlyst tidsrammer for når svar bør kunne ventas. I eit tilfelle i fjor fekk vi avslag på jakt på bjørn på sporsnø i juli. I samband med året s søknadsrunde om erstatning av dyr tapt på beite grunna freda rovvilt fekk eg ein mail frå DN: "Søknadsfrist for rovvilterstatning er 1.november. Direktoratet for naturforvaltning oppfordrer alle som har mulighet til å sende søknaden elektronisk. Dette sikrer en enkel og rask saksbehandling."

Eg minnar om at eg den 20/9 2011 mottok mail om klagesaka mi frå i fjor i samband med søknadsrunden, dette var 2 ½ månads saksbehandling i DN. Er

det sant som enkelte seier at DN i eige regi kan bestemma svarfristen i saker dei har til gjennomarbeiding?

Til slutt vil eg minna døkk alle om rovviltforliket og om kor viktig dette er særleg for folk i distrikta. Det handlar om livskvalitet for oss alle – ikkje berre for beitenæringa. For å setta det litt på spissen så lure eg på kvar oss har vore enn i dag i rovviltsamanheng utan beitenæringas innsats i denne konfliktsbetente saka. I media kan det sjås ut som om denne saka er ein strid mellom beitenæringa og dei andre. Eg opplever det som ein strid mellom bygd og by, og heldigvis òg kanskje ein strid mot enkeltpersonar/enkeltorganisasjonar som ikkje ser heilskapen i samfunnet. Eg vil oppfordra alle i salen i dag om å støtta beitenæringa i denne saka og sjå på det som ei god investering for framtida med norsk mat og trygge og gode turar i norsk natur.

**Under finn dere teksta i rovviltforliket og oppfordrar alle til å lesa dette, og følgja med på om dette etter kvart vert gjeldande da byråkratane har sagt sitt:**

Norsk rovviltforvaltning skal skje innanfor rammen av bestemmelsene i naturmangfoldloven og Stortingets behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettingen etter rovviltforliket av 2004, og den vidare oppfølging av dette.

All forvaltning av rovdyr skal bygge på vitenskapelig og erfaringsbasert kunnskap. Videre skal det legges vekt på regional forvaltning, respekt for eiendomsretten, og enkeltmenneskers og lokalsamfunns livskvalitet.

Norge har etter Bern-konvensjonen en forpliktelse til å sikre overlevelsen til alle de store rovviltartene i norsk natur. Flere av våre store rovdyr er en del av større skandinaviske stammer, forlikspartene ser det som naturlig å samarbeide med våre naboland om forvaltning av relevante rovdyr, noe som også er i tråd med Bernkonvensjonens formuleringer om internasjonalt samarbeid. Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktig næringsvirksomhet i landbruket i områder med rovvilt. Forlikspartene viser til den todelte målsettingen etter rovviltforliket fra 2004, og at utfordringen ligger i å ivareta begge deler uten at konfliktene mellom dem blir større enn nødvendig.

Det er et mål at den regionale myndigheten i rovviltforvaltningen skal styrkes. Rovdyrforvaltningen må baseres på en politikk der hensynet til å sikre overlevelse til alle de store rovviltartene i Norsk natur, må kombineres med en

forvaltning som totalt sett bidrar til å dempe konfliktene og motvirke utrygghet innenfor den todelte målsettingen.

## **1. BESTANDSOVERVÅKING OG REGISTRERING**

1.1 Konflikter rundt innrapportering og registrering av rovvilt samt skader forvoldt av rovvilt må reduseres. Dette krever at den lokale kompetansen i arbeidet med bestandsovervåking og registrering styrkes. Alle observasjoner som lar seg kontrollere og som er overvåkningsmessig interessante følges opp raskt. I den grad det er hensiktsmessig skal rovviltforvaltningen benytte seg av ny kommunikasjons-teknologi i kontakten med publikum i bestandsovervåkings og registreringsarbeidet.

1.2 Fagrådet for Nasjonalt overvåkningsprogram for rovvilt skal ha ansvaret for å foreta den løpende vurderingen av best mulig overvåkningsmetodikk. Rovdata er sekretariat for Fagrådet.

1.3 Kursing av lokale rovviltkontakter skal prioriteres, og det skal vektlegges at representanter fra rein- og saueneeringen er sterkt representert blant de lokale rovviltkontaktene.

1.4 Forvaltningskompetansen hos rovviltneemdene skal styrkes og kapasiteten i sekretariatet for rovviltneemdene bør økes.

1.5 Kommunene i rovviltområdene oppfordres til å ha kompetanse i rovdyrspørsmål. Staten skal bidra til opplæring for å sikre dette

1.6 Videre skal beitenæring og lokalbefolkning for øvrig involveres mer aktivt i bestandsregistreringene av rovvilt, og det skal i større grad tilrettelegges for slike muligheter gjennom blant annet innsamling av DNA-materiale.

1.7 Rovdata og SNO skal styrkes. Rovdata skal ha det overordnede ansvar for drift av overvåkingsprogrammet for rovvilt og sammenstilling, kvalitetssikring og rapportering på nasjonalt nivå, samt rapportering av avstand mellom bestandsmål og faktisk måloppnåelse.

1.8 Kongeørn må inngå i overvåkingsprogrammet på lik linje med de øvrige rovviltartene, og kartlegging av kongeørnbestanden må ferdigstilles så raskt som mulig. Det er viktig å redusere usikkerheten knyttet til antall hekkende par av kongeørn og skadeomfanget forvoldt av kongeørn på husdyr og tamrein.

## **2. KONFLIKTDEMPENDE OG FOREBYGGENDE TILTAK**

2.1.1 De regionale rovviltnemndene har ansvaret for rovviltforvaltningen innenfor sin region. Nemndene har myndighet til selv å fastsette forvaltningsplan, til å fordele midler til forebyggende og konfliktdempende tiltak. Nemndene har myndighet til å fastsette kvoter for lisensfelling, kvotejakt og kvoter for betinget skadefelling for bestander der regionalt bestandsmål er nådd. Også i tilfeller der bestandsmål ikke er nådd, skal rovviltnemndenes syn tillegges betydelig vekt i Miljøverndepartementets beslutning i saken.

2.1.2 Stortingsflertallet i 2004 la til grunn at de regionale rovviltnemndene skulle fatte de årlige vedtak for kvotejakt, lisensfelling og skadefelling for å nå de nasjonale målsettinger som ble satt for de ulike arter. Måltall som også la til grunn en balansert forvaltning der hensynet til beiteinteressene ble hensyntatt innenfor rammen av de internasjonale forpliktelser Norge har. Prinsippet om at klage på de vedtak som de regionale rovviltnemder fattet skulle avgjøres av et overordnet politisk organ, dvs Miljøverndepartementet var en viktig forutsetning for å realisere en mer konfliktdempende forvaltning av artene.

2.1.3 Forlikspartnerne konstaterer at vi nå har nådd bestandsmålene for ulv, jerv og gaupe, og at forvaltningen av disse artene i tråd med stortingsflertallets innstilling i 2004 ligger hos de regionale rovviltnemndene. Forlikspartnerne er enige om regional forvaltning, og at vedtak i første instans skal fattes av de regionale rovviltnemndene.

Forlikspartnerne er enige om at bestandsmålet påynglende bjørn er 13. Der bestandsmålet ikke er nådd skal oppbyggingstakten ta hensyn til nødvendig tid til tilpasninger for beitebrukerne og lokalsamfunnene generelt. Rovviltnemndene skal ha myndighet når de regionale bestandsmålene er nådd. Men selv om ikke de nasjonale bestandsmålet er nådd, overføres forvaltningen av bjørn til de regionale rovviltnemndene, når 10 ynglinger er nådd, med mindre det foreligger særskilte grunner for noe annet.

Det påhviler Miljøverndepartementet et særskilt ansvar å følge opp at vedtak gjort av rovviltnemndene er innenfor våre internasjonale forpliktelser.

Miljøverndepartementet skal gi retningslinjer til de regionale rovviltnemndene der bestandsmålene ikke er nådd. Klagevedtak på beslutninger fattet av de regionale rovviltnemndene skal ligge i Miljøverndepartementet.

2.1.4 Det skal være en rask behandling av skadefellingssøknader i beitesesongen.

For søknader og klager knyttet til lisensfelling, kvotejakt og skadefellinger utenfor beitesesongen skal forvaltningen så langt det er mulig gjennomføre en så rask behandling at saken ikke mister aktualitet.

2.1.5 Forlikspartnerne ber Regjeringen pålegge miljøforvaltningen å utarbeide

konkrete tidsfrister for besvarelse på henvendelser og klager knyttet til skadefelling og Regjeringen bes komme tilbake til Stortinget med dette.

#### 2.1.6 Forvaltning av gaupe og jerv

2.1.7 Bestandsmålene for jerv og gaupe er etter rovviltforliket i 2004 på henholdsvis 39 og 65 årlige ynglinger. Antallet ynglinger av jerv og gaupe har de siste årene ligget betydelig over bestandsmålet. Rovviltforvaltningen skal skje på en slik måte at antallet ynglinger holdes så nær bestandsmålet som mulig, og forvaltningen iverksetter de tiltak som er nødvendig i tråd med teksten nedenfor.

2.1.8 Rovviltnemndenes myndighet for gaupe og jerv baseres på gjennomsnittet av dokumenterte data om ynglinger de tre siste årene fra Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt.

2.1.9 Forlikspartnerne er enige om at den regionale forvaltningen og de regionale bestandsmålene av rovvilt skal evalueres innen fem år.

### 2.2 *Uttak av rovvilt*

2.2.1 Det legges til grunn at kommunene etablerer godt skolerte, lokale fellingslag der det er aktuelt, og opplæringen av disse skal styrkes. Det skal etableres kurstilbud og prioriteres midler til jevnlig kursing av kommunale/interkommunale skadefellingslag med mål om å øke effektiviteten ved skadefelling av rovvilt ved akutte skadesituasjoner.

2.2.2. Det skal arbeides aktivt med kompetansehevende tiltak for lisensfelling, og etableres et bedre kurstilbud med sikte på å effektivisere lisensfellingen. Slike tiltak bør gjennomføres i nært samarbeid med frivillige organisasjoner.

2.2.3 Det offentlige økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkes og klargjøres. Deltakere i kommunale fellingslag skal som i dag få økonomisk kompensasjon fra første dag.

2.2.4 I de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt. Uttak i det som av rovviltnemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.

2.2.5 Direktoratet for naturforvaltning har myndighet til å fatte vedtak om hvordan og hvor ekstraordinære uttak skal igangsettes for så langt som mulig å få tatt ut resterende lisensfellingskvote. Dette skal skje etter drøfting med

rovviltnemndene. Rovviltnemndene skal også selv kunne ta initiativ til en slik drøfting.

2.2.6 Det skal iverksettes tiltak herunder felling, overfor dyr med unormal/sosialisert atferd, for å forhindre skade eller for å ivareta helse og sikkerhetshensyn.

2.2.7 Det legges til grunn at rovdyrforvaltningen utøves på en slik måte at det ikke er behov for beitenekt etter dyrevelferdsloven i prioriterte beiteområder. Ved vedtak om beiterestriksjoner grunnet rovvilt skal dyreeier har rett til full økonomisk kompensasjon etter nærmere regler. Kompensasjonen skal gis fra dag én.

2.2.8 Det skal iverksettes nødvendige tiltak både innenfor rovdyrforvaltningen og reindriften med sikte på å sikre situasjonen for sørsamisk tamreindrift.

### *Gaupe*

2.2.9 Kvotejakt er et effektivt virkemiddel for regulering av gaupebestanden, og dette bør være hovedvirkemiddelet også i tiden fremover.

### *Jerv*

2.2.10 Når det gjelder jerv konstateres det at lisensfelling per i dag ikke fungerer tilfredsstillende. Det skal fortsatt være målsetting om at lisensfelling skal bli hovedvirkemiddelet i bestandsreguleringen av jerv, slik at ekstraordinære uttak av ynglelokaliteter over tid kan reduseres til et minimum.

2.2.11 Uttak av jerv gjennomført av miljøforvaltningen skal så langt det er mulig gjennomføres under lisensfellingsperioden, men likevel slik at uttak gjennomføres på en kostnadseffektiv måte.

### *Bjørn*

2.2.12 Når det gjelder bjørn konstateres det at lisensfelling i flere av forvaltningsregionene ikke fungerer tilfredsstillende per i dag. Det skal fortsatt være målsetting om at lisensfelling skal være hovedvirkemiddelet i bestandsreguleringen av bjørn.

2.2.13 Det skal arbeides aktivt med kompetansehevende tiltak for lisensfelling av bjørn, og etableres et godt kurstilbud med sikte på å effektivisere lisensfelling. Kursing av jegere som deltar på lisensfelling av bjørn vurderes også som svært viktig for å redusere faren for at det oppstår farlige situasjoner



mellom bjørn og jeger.

2.2.14 Det legges til grunn at virkeliggjøring av bestandsnivå for bjørn ikke vil kreve areal ut over omfanget av dagens yngleområder. En økt tetthet av bjørn vil forsterke behovet for omstilling i landbruket i disse områdene. Det skal iverksettes nødvendige tiltak for å gjennomføre dette. Nivået på bevilgningene bestemmes i det enkelte års budsjett.

2.2.15 Lisensfellingsperioden for bjørn utvides på en slik måte at fellingsperiodens start endres til 21. august og på den måten samordnes med jaktstart for bjørn i Sverige. Dette vil gi en periode før elgjakta hvor bjørn kan jaktes mer spesielt. Det vil også gjøre at lisensfelling av bjørn kan kombineres med reinsjakt i de områder hvor dette er aktuelt.

2.2.16 Norge ligger i dag i randsonen for den skandinaviske bjørnestammen, følgelig har vi en skjev kjønnsfordeling i den norske bjørnestammen med vesentlig flere hannbjørner enn binner. Vandrende hannbjørn er ansvarlig for en stor andel av bjørnens skade påbeitedyr. Det er viktig å øke forutsigbarheten for beitenæringen.

2.2.17 For å øke forutsigbarheten i beitenæringen skal det, utenfor prioriterte yngleområder for bjørn, gis økt adgang til lisensfelling av hannbjørner slik at forekomsten av hannbjørner i prioriterte beiteområder reduseres.

2.2.18 Ekstraordinære uttak etter endt lisensfellingsperiode for bjørn, skal kunne tillates i enkelttilfeller hvor det er sannsynliggjort et konkret skadepotensiale på husdyr eller tamrein

2.2.19 Det er et felles mål at tapstallene for beitenæringen måned. Soneinndelingen må forvaltes tydelig. I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade påbeitedyr gjøres raskt, og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd. I prioriterte rovviltområder skal saueproduksjon og andre produksjoner basert på utmarksbeite tilpasses gjennom forebyggende tiltak og omstilling, med utgangspunkt i forekomsten av rovvilt i beiteområdet. Det skal ikke være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.

2.2.20 Snøscooter kan brukes ved skadefelling. Skadefelling bør ikke unødig hindres av geografisk jaktområde og av at tidsrammen ikke gjøres for snever.

2.2.21 Ved beslutning om uttak av et dyr skal det vurderes om det er mulig med flytting dersom individet er særlig verdifullt.

## **2.3 Erstatningsordninger**

2.3.1 Det vises til de nedsatte utvalg som gjennomgår erstatningsordningene for tap av husdyr og tamrein. Etter at utvalgene har lagt fram sine innstillinger, vil Regjeringen følge disse opp overfor Stortinget påegnet måte. Regjeringspartiene vil drøfte endringer og søke enighet med forlikspartene om en ny og mer konfliktdempende erstatningsordning, før forslag legges fram for Stortinget.

## **2.4 Nødverge**

2.4.1 Nødvergebestemmelsene endres, slik at rovdyr kan avlives for å beskytte hund ved direkte angrep av rovdyr. Forlikspartnerne skal tas med på råd før lovforslaget fremmes for Stortinget.

## **2.5 Informasjon**

2.5.1 Det er viktig at informasjonen om rovdyrs atferd og hvordan man skal forholde seg til dem blir tilrettelagt og presentert på en god måte til målgruppene (barn, voksne, interessegrupper etc.).

2.5.2 Erfaringer fra inn og utland om tiltak for å gjøre rovdyr mindre nærgående og forebygge frykt gjennomgås.

2.5.3. Rovviltforvaltningen skal ta folks frykt for rovdyr på alvor. Det er nødvendig med mer kunnskap om møtet mellom folk og de store rovdypene, og kunnskap om frykt – og konfliktdempende tiltak.

## **3. BJØRN**

2.2.18, og det settes et tak på antall hannbjørn slik at dette ikke skal overstige 1,5 ganger antallet binner. Dog ikke slik at uttak av hannbjørn tas innenfor binneområdene. Antall binner settes til 6,5 pr yngling.

## **4. ULV**

4.1 Det skal samarbeides med Sverige om bestandsregistrering og fordeling av grenseulv. Ulverevirer i grenseområdet skal regnes inn i det norske måltallet. Utgangspunktet for forhandlingene med svenske myndigheter er at grenseulv skal regnes med en faktor på 0,5. Måloppnåelsen (antallet ynglinger) skal ses over flere år i sammenheng. På denne bakgrunn skal det foretas en ny vurdering av bestandsmålet for ulv.

4.2 Vi ønsker en avtale med Sverige og inntil det er oppnådd ligger dagens bestandsmål fast. Forhandlingene med Sverige skal starte umiddelbart etter at Sverige er ferdig med sin utredning. Forlikspartnerne er enige om at det skal tas stilling til endelig bestandsmål for ulv når en avtale med Sverige er på plass, senest innen 2013. Stortinget skal holdes orientert om forhandlingene. Det søkes å få dette på plass senest innen 2013.

4.4 Dersom avtale med Sverige ikke oppnås, skal partene drøfte bestandsmål for ulv pånytt.

4.4 Det settes ned et utvalg som skal evaluere ulvesonen.